



Fra: bente@asanejanitsjar.no [mailto:bente@asanejanitsjar.no]

Sendt: onsdag 27. september 2017 09:41

Til: LI-Alversund skule

Emne: Leige av skulen helga 10.-12. november 2017

Viser til hyggeleg telefonsamtale, og sender som avtalt mail med førespurnad om leige av Alversund skule frå fredag 10.nov ca kl 17 til søndag 12. nov ca kl 16.

Åsane Janitsjar er eit skulekorps i Åsane som rekrutterer frå 5 ulike skular (Eidsvåg, Rolland, Kalvatræet, Ulsetskogen og Haukedalen). For å få "rista saman" musikantar frå dei ulike skulane til ei samansveisa gruppe, har vi med stort hell reist vekk på helgeseminar på skular i nabokommunane to gongar i året. Då tek vi med alle musikantane, frå dei yngste på 8 år til dei eldste på 18. No lurar vi på om vi kan få leige Alversund skule til seminaret vårt i november.

Vi blir ca 60 personar, og treng tilgang til følgande: Kjøkken/kantine til å lage og servere mat til musikantane. Klasserom til å overnatte i (helst 4-5 frå fredag av og 2-3 til frå laurdag av). Gymsal/musikkrom til fellesøving for hovudkorps (max 35) og aspirant/jr (max 15) fredag og søndag, samt sosialt samvær laurdag kveld. Vi kan nytte klasseromma til gruppeøvingane laurdag. I tillegg ynskjer vi å disponere bassenget nokre timar laurdag ettermiddag, ev. søndag formiddag (vi har med ei mor som er akuttmedisinsk sjukepleiar og arbeider på ambulansen/akuttmottaket i Bergen, og har tidlegare brukt henne som livreddar ved opphald i basseng).

Eg forstod det slik at gymsal i utgangspunktet var oppteken fredag kveld. Er der eit anna lokale vi kan nytte til fellesøving i staden? Ev. område i gang/ hall?

Vi er klar over reglar for våkande nattevakter, og har med oss nok vaksne til å dekke opp det. Korpset legg elles stor vekt på å fare fint med skulane vi får lov til å leige. Håpar på raskt og positivt svar!

Beste helsing Bente Førde

aktivitetsleiar i Åsane Janitsjar

tlf 99028482